

PROTOKOLL

MØTE I LEVELD, TORPO OG ÅL SOKNERÅD 8.3.2023 kl.17:00-19:00 – ÅL KYRKJESTUGU

Tilstades: Einar Brattegard, Birger Bolstad, Wenche Smestad, Liv Margit Sørboen, Anne Kjersti Frøyen, Arild Ø Hansen, Torfinn Slåtto, Geir Wiknes, Else Karin Veslegard

Forfall: Ingen

Opning v/Arild: Kvinner er avgjerande for misjonen

Saksnr.	Ansvar
10/23	Godkjenning av innkalling og protokoll Ingen merknadar til innkalling, saksliste eller protokoll frå førre møte.
11/23	Godkjenne sokna sine rekneskap Rekneskapa vart lagt fram for kvart sokn. Dei vart samrøystes godkjent.
12/23	Soknerådet si årsmelding Framlegget til årsmelding vart sendt ut med innkallinga. Soknerådet stilte seg bak denne utan endringar.
13/23	Endre datoar for konfirmasjon frå 2024 Gjeldande reglar for konfirmasjonsdager er slik: 1. søndag i mai Torpo, 2. søndag i mai Ål, 1. søndag i juni Leveld og laurdag i same helga i Ål. Det skal ikkje vera konfirmasjon 1. mai og heller ikkje i pinsa. Soknepresten ynskjer å samle konfirmasjonane til ein kortare periode. For 2024 har Geir slikt forslag: laurdag 1. juni Ål, søndag 2. juni Torpo, laurdag 8. juni Leveld og søndag 9. juni Ål. Soknerådet støttar dette framlegget og meiner det er fornuftig å gjere eit generelt vedtak som gjeld som fast ordning framover. Fast ordning for konfirmasjonsgudstenester blir slik: Første søndag i juni Torpo, laurdag i same helga Ål, andre søndag i juni Ål og laurdag i same helga Leveld. Framlegg om at konfirmasjonsgudstenester ikkje skal gjennomførast i pinsa fall med 3 mot 6 røyster.
14/23	Tal på medlemmer i fellesrådet etter valet i 2024 I regelverket for felles sokneråd for alle sokn i fellesskapsområdet, heiter det at soknerådet gjer vedtak om talet på medlemmer i fellesrådet. Alle sokn må vere representert, men det er ikkje bestemt antal. Eit framlegg om å utsetje saka til etter valet fall med 5 mot 4 røyster. Soknerådet gjer slikt vedtak: Etter valet i 2023 er alle dei åtte valde medlemmene i soknerådet også med i fellesrådet.
15/23	Julekrubbe Det er ikkje julekrubber i kyrkjene i Ål. Soknepresten har sakna dette og inviterer til ein prosess rundt ei evt slik anskaffing. Kan det vere mogleg å utfordre skuler, frivilligsentralen, tømrrarlinja på vidaregåande eller liknande? Soknerådet er positive til initiativet og ynskjer å støtte opp med ei arbeidsgruppe. Soknepresten arbeider vidare med saka fram til neste møte.
16/23	Ofringar for resten av første halvår 2023 Kvart sokn la fram sine framlegg til ofringar. Desse vart godkjent med mindre endringar. Oversikt over ofringane blir lagt som vedlegg til referatet.
17/23	Kyrkjekaffi for resten av første halvår 2023 Representantane for kvart sokn tek ansvaret for kyrkjekaffi.

18/23

Tur med tru

Soknerådsmedlemmene har fått ein e-post frå Geir. Denne omhandlar Normisjon sitt opplegg for å fokusere på dei 49 misjonærane som er reist ut frå Hallingdal.

Soknerådet stiller seg positive til dette arrangementet, og soknerådsmedlemmene er invitert til å delta i eit informasjonsmøte 30.mars kl 1400.

19/23

Meldingar

Tunsberg bispedømmeråd gjorde i sak 8/23 slikt vedtak:

Tunsberg bispedømmeråd godkjenner at Leveld, Torpo og Ål sokn har felles menighetsråd fra valget 2023 med den sammensetning som er beskrevet i fellessøknaden fra de tre soknene.

20/23

Eventuelt

Det er behov for ein erstattar for Tormod Skarsgard for å arrangere festen for 50-årskonfirmantar. Dette blir avgjort på neste møte.

Neste møte: 19.april kl 17:00

Referent: Torfinn Slåtto